



Arkivnr: 2014/673-135

Saksbehandlar: Per Morten Ekerhovd, Elizabeth Warren

Saksframlegg

## Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		16.04.2015

## Prosjekt kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016 (KIK). Fordeling av midlar til kommunane i 2015

### Samandrag

Saka gjeld fordeling av fylkeskommunal og statleg løyving til kommunane. Løyvingane skal nyttast til kulturminneregistrering og utarbeiding av kommunedelplan for kulturminne i samband med prosjektet *Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016 (KIK)*.

Hordaland fylkeskommune har sett i gong prosjektet *Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2014*, jf. vedtak i fylkesutvalet 30.01.2014, jf sak 14/2104. Prosjektet går over 4 år, med føresetnad om årlege løyvingar frå Riksantikvaren. I Hordaland fylkeskommune sitt årsbudsjett 2014 / økonomiplan 2014-2017 har fylkestinget lagt inn ei årleg ramme på 1 mill. kr til føremålet i kvart år av prosjektet. I 2014 fordelte Kultur- og ressursutvalet kr. 100.000,- kvar til 14 kommunar som var i gong med kulturminneplanar, jf sak PS 84/2014

Til saman har det komme inn atten søknader frå kommunane om tilskot på til saman kr 2 470 000,- i 2015. Saka gjer framlegg om at alle kommunar som fyller krava i utlysinga og som har søkt innan fristen, får tildelt minst kr 100.000,- til arbeid i 2015.

### Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet føreset at kommunane i prosjektet utarbeider kommunedelplan for kulturminne basert på brei medverknad, og med rettsverknad og politisk forankring heimla i plan- og bygningslova.
2. Kultur- og ressursutvalet løyve kr 1 800 000,- av budsjettpost 10.400.735.84 slik:

	Kommune	Tildelt 2011-2014	Søkt 2015	Tildelt 2015
1	Askøy	0	100 000	100 000
2	Austevoll	100 000	100 000	100 000
3	Austrheim	100 000	100 000	100 000
4	Bømlo	100 000	100 000	100 000
5	Eidfjord	100 000	100 000	100 000
6	Etne	100 000	100 000	100 000
7	Fedje	100 000	100 000	100 000

8	Granvin	100 000	100 000	100 000
9	Kvam	100 000	100 000	100 000
10	Meland	100 000	100 000	100 000
11	Odda	110 000	100 000	0
12	Os	0	200 000	100 000
13	Osterøy	0	200 000	200 000
14	Stord	0	100 000	100 000
15	Tysnes	0	200 000	200 000
16	Ullensvang	100 000	100 000	100 000
17	Ulvik	100 000	100 000	100 000
18	Sveio, Fitjar og Stord	-	470 000	0
			<b>2 470 000</b>	<b>1 800 000</b>

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Søknader frå kommunane i 2015

## Fylkesrådmannen, 23.03.2015

### Bakgrunn for saka

Saka gjeld fordeling fylkeskommunale og statlege midlar til kommunane sitt arbeid med kulturminneregistrering og utarbeiding av kommunedelplan for kulturminne i samband med prosjektet *Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016* (KIK).

I 2013 fordelte Riksantikvaren 1 million kroner til utvikling av kulturminnevern i kommunane i Hordaland. Løyvinga gav grunnlag for oppstart av planarbeid i fleire kommunar, og Hordaland fylkeskommune etablerte prosjektet *Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2014*, jf. vedtak i FUV 30.01.2014, sak 14/2104. Prosjektet går over 4 år, med føresetnad om årlege løyvingar frå Riksantikvaren. I Hordaland fylkeskommune sitt årsbudsjett 2014 / økonomiplan 2014-2017 har fylkestinget lagt inn ei årleg ramme på 1 mill. kr til føremålet 1 mill. kr til føremålet i kvart år av prosjektet.

### Midlar i prosjektet

Prosjektet er basert på kostnadsdeling mellom stat, fylkeskommune og kommunar. I 2014 vart dei statlege rammene vesentleg redusert, og Hordaland fylkeskommune fekk berre kr 400 000,- i støtte. Fylkesrådmannen la til grunn at dette kunne svekke måloppnåinga i prosjektet. For 2015 er det statlege bidraget til arbeidet i Hordaland auka til kr 1.000.000,-.

### Kommunedelplan for kulturminne

Prosjektet har utgangspunkt i regionale og lokale prosessar for å ta betre vare på kulturarven. Prosjektet skal utvikle lokal forvaltning og gje eit tydeleg og føreseieleg kulturminnevern i kommunane. I tråd med prosjektplanen vedteken av fylkesutvalet skal arbeidet slutførast gjennom vedtak av kommunedelplanar for kulturminne som er baserte på lokal medverknad og med rettsverknad heimla i plan- og bygningslova. Dermed vil kommunane ha robuste planar som gjer det enklare å prioritere kulturminne og å handsama arealsaker. Prosjektet er godt motteke i kommunane. Frivillige lag og organisasjonar er engasjert, og eit omfangsrikt arbeid er sett i gong.

Nokre få av kommunane har signalisert at dei vil lage ein temaplan for kulturminne utan slik forankring. I tråd med vedtekne målsettingar legg fylkesrådmannen til grunn at arbeidet i kommunane bør sikrast gjennom kommunedelplanar for kulturminne med heimel i plan- og bygningslova.

### Innstilling

*Kultur- og ressursutvalet føreset at kommunane i prosjektet utarbeider kommunedelplan for kulturminne basert på brei medverknad, og med rettsverknad og politisk forankring heimla i plan- og bygningslova.*

### Om søknadene frå kommunane

I brev dagsett 22.12.2014 inviterte Riksantikvaren fylkeskommunen til samarbeid i 2015. Hordaland fylkeskommune lyste ut tilskot til a) kulturminneregistrering, kr 100.000,- og b) kulturminneplan, 100.000,- i brev til alle kommunar. Søknadsfrist var 12. februar.

I utlysinga frå fylkeskommunen vart kommunane i Hordaland oppmoda om å søkje dersom dei:

- a) planlegg å registrere kulturminne eller gjere analysearbeid som førebuing til utarbeiding av kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø.
- b) har gjort vedtak om utarbeiding av ny kommunedelplan for kulturminne eller rullering av gjeldande plan.
- c) har vedteke kulturminneplan og vil få prioriterte kulturminne kartfesta og lagt inn i Askeladden.
- d) har ein eldre vedteken kulturminneplan som skal rullerast.

Det vert sett vilkår om at kulturminneregistreringar vert gjort tilgjengelege i databasen Kulturminnesøk eller andre baser som kan utveksle data med Kulturminnesøk og /eller Askeladden, og at årleg rapport om gjennomført arbeid sendast til fylkeskommunen.

**Innkomne søknader:**

Til saman har det komme inn atten søknader på til saman kr 2 470 000,- i tilskot i 2015. Søknadene fordeler seg slik:

- a) Tre av kommunane som ikkje har starta arbeid har søkt om kr 200.000,- kvar til både registrering og planarbeid i 2015. (Os, Osterøy og Tysnes).
- b) Elleve av kommunane (Austevoll, Austrheim, Bømlo, Eidfjord, Etne, Fedje, Granvin, Kvam, Meland, Ullensvang og Ulvik) har starta arbeid og søkt om ytterlege kr 100.000,- kvar til enten registrerings- eller planarbeid.
- c) Stord kommune har søkt om kr. 100.000,- til å få kulturminne i *Kommunedelplan for kulturminne i Stord kommune (2009)*, kartfesta og lagt inn i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden.
- d) Askøy har søkt om kr 100.000,- til å jobbe vidare med kulturminneplanen slik at den ha ei tematisk oppbygging og er meir i tråd med andre kulturminneplaner som er under arbeid. (Kommunen har hatt kommunedelplan for kulturminne til politisk handsaming som er returnert til administrasjonen).
- e) Odda kommune har søkt om kr 100.000,- til rullering og implementering av kommunedelplan for kulturminne.
- f) Fitjar, Sveio og Stord har søkt om kr 470.000,- til eit fellesprosjekt om kartfesting av kulturminne i kulturminneplaner og registrering i Askeladden, den nasjonale kulturminnedatabasen.

**Til fordeling:**

I løyvingsbrev frå Riksantikvaren 27.03.2015 vert Hordaland fylkeskommune tildelt kr 100 000,- som bidrag til rettleiingsarbeid i kommunane og kr 800.000,- som er øyremerka dei 8 kommunane som har søkt om tilskot og som fyller krava ti tilskotsordninga. I tillegg har Riksantikvaren tildelt kr. 100.000,- til Bergen kommune som tilbyr sin kompetanse til Os kommune i samband med utarbeiding av kulturminneplan.

Det er sett vilkår om at midlane skal brukast til å tinge arbeid i Askøy, Etne, Fedje, Granvin, Os, Osterøy, Tysnes og Ullensvang kommunar, og vidare at det må liggje føre plan for gjennomføring av registreringar, politisk vedtak om utarbeiding av kulturminne-/kommunedelplan, planar for å leggje verneverdige kulturminne inn i Askeladden, og rapportering til fylkeskommunen.

Det er dermed kr 1 800 000,- til fordeling i saka. Av desse er kr 1.000.000,- fylkeskommunale og kr 800.000,- statlege midlar. Fylkesrådmannen legg til grunn at fylkeskommune og stat ikkje har motstridande vilkår i høve bruken av løyvde midlar og handsamar saka om fordeling av desse samla.

**Vurdering av søknadene og forslag til fordeling**

Prosjektet skal utvikle det lokale kulturminnevernet. Erfaring viser at det tek tid å få mobilisert frivillige og organisert arbeidet internt i kommunane. Det er dermed naturleg at planarbeid og tilskot er fordelt over fleire år. For gjennomføringa er det likevel viktig at så mange som mogeleg av kommunane kjem tidleg i gang med arbeidet og kan ta del i prosjektfellesskapet. Det vert difor gjort framlegg om at alle som har søkt innan fristen og som fyller krava får midlar til registrering eller planlegging. Fylkesrådmannen innstiller kr 100.000,- til kvar av desse kommunane: Askøy, Austevoll, Austrheim, Bømlo, Eidfjord, Etne, Fedje, Granvin, Kvam, Meland, Stord, Ullensvang og Ulvik.

Os, Osterøy og Tysnes har søkt om kr 200.000,- kvar. Det er innstilt at Osterøy og Tysnes får kr 200.000,- kvar. Os kommune får kr 100.000,- og i tillegg vil Riksantikvaren løyve kr 100.000,- til Bergen kommune for å gje fagleg støtte til Os i arbeid med kulturminneplan.

**Grunngjeving for avslag til fellessøknad frå Stord, Fitjar og Sveio**

Avgrensa midlar gjer at det er gjort framlegg om avslag på fellessøknad frå Sveio, Fitjar og Stord. Sveio og Fitjar har begge tidlegare fått minst kr 200.000,- kvar til arbeid med kulturminneplan.

Ettersom Stord kommune ikkje tidlegare har fått midlar til kulturminneplanarbeid og dei har ein vedteken kulturminneplan, har fylkesrådmann innstilt at Stord får kr 100.000,- slik som omsøkt. Arbeidet i Stord vil ha overføringsverdi til alle liknande planar i Hordaland. Uavhengig av stønad vil fylkeskommunen sin administrasjon kunne hjelpe Fitjar og Sveio med å legge kulturminne prioritert i kulturminneplan inn i Askeladden.

Oversikt tilskot 2011-2014. Kommunar i grøne rader har vedteken kulturminneplan:

Kommune	Kulturminneplan (år)	Tildelt midlar 2011-2014	Søkt midlar 2015	Innstilling 2015
Askøy			100 000	100 000
Austevoll		100 000	100 000	100 000
Austrheim		100 000	100 000	100 000
Bergen				
Bømlo		100 000	100 000	100 000
Eidfjord		100 000	100 000	100 000
Etne		100 000	100 000	100 000
Fedje		100 000	100 000	100 000
Fitjar		200 000		
Fjell		200 000		
Fusa	1998			
Granvin		100 000	100 000	100 000
Jondal	2009			
Kvam		100 000	100 000	100 000
Kvinnherad		200 000		
Lindås	2011			
Masfjorden	2009			
Meland		100 000	100 000	100 000
Modalen	2000			
Odda	2012		100 000	0
Os			200 000	100 000
Osterøy			200 000	200 000
Radøy		200 000		
Samnanger	2013			
Stord	2009		100 000	100 000
Sund		200 000		
Sveio		212 000		
Tysnes			200 000	200 000
Ullensvang		100 000	100 000	100 000
Ulvik		100 000	100 000	100 000
Vaksdal		200 000		
Voss	2004			
Øygarden		200 000		
*Sveio, Fitjar, Stord			470 000	0
<b>TOTAL</b>		<b>2 712 000</b>	<b>2 470 000</b>	<b>1 800 000</b>